

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Tirsdag 12. september 2023 kl 11:00
Møtestad: Kommunestyresalen

SAKLISTE

10/2023 Godkjenning av møteprotokoll 06.06.2023
11/2023 Drøftingsaker, skriv og meldingar
12/2023 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2024

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post harald.mo@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 04.09.2023

Frode Bekkestad
Leiar (sign)

Harald Mo
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 10/2023 Godkjenning av møteprotokoll 06.06.2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	12.09.2023	10/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 06.06.2023 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	06.06.2023	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 06.06.2023

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 06.06.2023

Møtetid: Kl. 14:00- 15.30

Møtestad: Rådhuset, møterom 224

Saksnr.: 08/2023 – 9/2023

Følgjande medlem møte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Siri Larsen Ramsøy	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG
Erna Underdal Skarsbø	SP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møte:	Harald Mo, PwC
Frå administrasjonen møte:	Reinhardt Sørensen
Frå revisjonen møte:	
Andre som møte:	
Dokument utlevert i møtet:	Udatert brev med tittel Spørsmål til svar frå Harald Sjørusen med fleire stila til ordførar og formannskapsmedleamar Presentasjon frå Frode Bekkestad: Info fra FKT fagkonferanse 31. mai – 1. juni Scandic Lerkendal Trondheim
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
08/2023	Godkjenning av møteprotokoll 09.05.2023	O
09/2023	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O

Sak 08/2023 Godkjenning av møteprotokoll 09.05.2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	06.06.2023	08/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 09.05.2023 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09.05.2023	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 09.05.2023

06.06.2023 KONTROLLUTVALET

SAK-08/2023 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 09.05.2023 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 9/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 06.06.2023	Saknr 9/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Forslag til vedtak vedlegg 1:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

Forslag til vedtak om orienteringar:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Mai 2023	Aurland kommune	Tertialrapport 1. tertial 2023

06.06.2023 KONTROLLUTVALET

Orienteringar:

Kommunedirektøren ved Reinhardt Sørensen orienterte om tertialrapport 1. tertial 2023.

- Kontrollutvalsleiar retta spørsmål Sørensen til overskridelsar på utbygging for pleie og omsorg. Sørensen informerte om at prisauke på kr 10 mill er i samsvar kontrakt og ein følgje av prisvekst på bygg. Endringsmeldingar på bygg og teknisk utgjer kr 3 mill.
- Kontrollutvalsleiar retta spørsmål Sørensen om overskridelsar på Ytstebøen bustadfelt på kr 1 mill. Sørensen opplyste at auka kostnader her er asfaltering.
- Kontrollutvalsleiar retta spørsmål Sørensen om auke i sjukefråvær. Sørensen opplyste at det er er låg terskel for fråvær etter korona og at enkelt sjukmeldingar gjev store utslag i ein liten organisasjon. Sjukefråværet har gått ned eit par prosentpoeng etter 1. tertial.
- Kontrollutvalsleiar retta spørsmål Sørensen om Aurland kommune har hatt vanskar med Visma barnevernssystem. Sørensen opplyser at det har ikkje Aurland kommune hatt vanskar med. Den modulen som det har vore vanskar med er ikkje i bruk i Aurland.

Kommunedirektøren ved Reinhardt Sørensen orienterte status i arbeidet med tilrådingane i forvaltningsrevisjon av teknisk etat.

- Teknisk har omlag aktive 100 avtaler. Etaten legg no alle avtalar inn i outlook kalender med frist for oppfølging 6 månader før utløp
- Når det gjeld sperre for utbetaling på utgåtte avtaler i økonomisystem så skal dette spørsmålet diskuteras i strategisk leiargruppe i kommunen. Spørsmålet står om det blir heile kommunen eller berre teknisk som legg opp system for dette. Endeleg svar med skriftleg notat kjem til kontrollutvalet til neste møte i kontrollutvalet.

Drøftingssaker:

- Kontrollutvalet drøfta oppfølging av vedtak i sist møte om brev frå Harald Sjursen.

SAK-09/2023 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringa om tertialrapporten og innhaldet i dokumenta i vedlegg 1 til vitande.

Når det gjeld notatet om forvaltningsrevisjon av teknisk etat så må dette notatet komme med til kontrollutvalet saman med sakspapira til neste møte. Kontrollutvalet ber om ny orientering om ferdigstilling av forvaltningsrevisjone av teknisk etat i neste møte. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren sjølv gir orienteringa.

Vedrørende brev frå Harald Sjursen oversendt til kommunedirektøren etter vedtak i sak 05/2023 i sist møte, så ber kontrollutvalet om skriftleg tilbakemelding frå kommunedirektøren om kva som er planlagt handsaming av dette vedtaket.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 11/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 12.09.2023	Saknr 11/2023
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Forslag til vedtak vedlegg 1-6:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

Forslag til vedtak om orienteringar:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	August 2023	Aurland kommune	Eigarskapsmelding 2023
2	August 2023	Aurland kommune	Justering av Aurland kommune sitt økonomi- og innkjøpsreglement i samsvar med vedtatt organisasjonsstruktur
3	25.05.2023	Advokat Johannes Hauge	Klage på Aurland kommunestyre sitt vedtak i sak 212/23 vedkomande områdeplan og administrativt vedtak om rammeløyve for opparbeiding av offentlig parkeringsplass
4	03.08.2023	Aurland kommune	Sak- og møtehandsaming for kontrollutvalet
5	28.03.2023	Kommunal- og distriktsdepartementet	Ny lovproposisjon om endringer i kommuneloven m.m
6	25.05.2023	Advokat Johannes Hauge	Krav om tilbakelevering av disposisjonsretten til eigedomen gnr 49 bnr 51 i Aurland kommune

Orienteringar:

Kommunedirektøren orienterer om:

- Oppfølging vedtak sak 09/2023, statusrapport forvaltingsrevisjon tekniske tenester. Notat og skriftleg tilbakemelding om oppfølging av brev frå Harald Sjursen til saka blir ettersendt.

Drøftingsaker:

- Orienteringar i neste møte

5. OVERSIKT OVER SELSKAP KOMMUNEN HAR EIGARINTERESSER I

Kommunelova § 26-1 bokstav b) stiller krav til at det skal leggest fram for kommunestyret ei «oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i». I føresegna bokstav c) står det at også kommunen sitt føremål med eigarskapet skal tas med i oversikta. Av forarbeida til kommunelova framgår det at det med «selskaper» er meint AS og IKS, men at også mellom anna samvirkeforetak, kommunalt oppgåvefelleskap og vertskommunesamarbeid bør takast med. I oversikta under er selskapa delt inn etter organisasjonsform.

5.1. Aksjeselskap

Kommunen har eigarskap i fleire aksjeselskap, dei fleste berre saman med andre offentlege eigarar. Der selskapet er del av eit konsern, viser oversikta berre morselskapet, men dotterselskapa er lista opp.

5.1.1 Aurland Eige AS

Føremål:

Selskapet si verksemd er å eige, forvalte og utvikle enkelte av Aurland kommune sine heileigde og deleigde verksemdar, spesielt innafor bransjane energi og reiseliv. Selskapet har som føremål å skaffe aksjonærane vinst ved auke i aksjeverdiar og utbytte. Overskotet skal inngå i ein plan der behovet for stabilt utbytte til Aurland kommune blir ivareteke.

Styrande organ: Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 100%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Aurland Energiverk AS (100%)

SEV AS (50%)

Sygnir AS (10%)

SKR Fiber AS (11.1%)

Luna Mineral AS (71%)

Luna Industri AS (100%)

Norway's Best Group AS (litt over 30%)

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

2 medlem i styret – David Underdal og Johannes Dalsbotn

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsformål: samfunnsøkonomisk motivert, finansielt motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Vedtekter, Instruks til styret, eigarstrategi – juni 2019

Selskapskontroll siste 5 år:

Ja, eigarskapskontroll utført av KPMG – 2020

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Sidan selskapet vart etablert i 2019 har ikkje Aurland kommune oppnådd stabilt og planmessig utbytte for selskapet, då det i åra etter etablering har vore store utfordringar i reiselivsbransjen. Årsrekneskapet for 2022 viser eit overskot på 10 998 507,- og det vart vedteke å ikkje dele ut utbytte for 2022. Overskotet for 2022 vert overført til anna eigenkapital.

5.1.2 Sogn og Fjordane Holding AS**Føremål:**

Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane AS, og sjølve eigarskapen, kan bli verande i Sogn og Fjordane.

Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskapet i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS.

Styrande organ: Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 1,96% (B)

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Sogn og Fjordane Energi AS

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Finansielt motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år: Nei

Selskapskontroll siste 5 år:

Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er inngått aksjonæravtale mellom Vestland Fylkeskommune og eigarkommunane der føremålet er å sikre stabilt og varig eigarskap i SFE, som sikrar at verdiane kraftutbyggingane representera har lokal forankring.

Aksjonæravtalen regulerer blant anna forkjøpsrett ved aksjeoverdraging, medalsrett og forbod mot holdingselskap og fredingstid av B-aksjane fram til 31. desember 2029.

Utbytte vert betalt ut året etter at det er motteke frå SFE AS, det vil sei at eit utbyte som blir avsett i årsrekneskapen for SFE for 2022 blir betalt ut til Sogn og Fjordane Holding AS hausten 2023. Dette utbyte blir betalt frå Sogn og Fjordane Holding AS i slutten av juni 2024.

Avkastning Sogn og Fjordane Holding AS får på utbyte i denne perioden skal brukast til å dekke driftskostnadane i selskapet.

15 5.1.3 Kommunekraft AS

Føremål:

Kommunekraft AS vart stifta 28. april 1993 etter initiativ frå LVK. Selskapet har til føremål å hjelp/rådgje medlemskommunar ved omsetning av konsesjonskraft i marknaden til best moglege vilkår.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 0,3%

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsformål: Samfunnsøkonomisk motivert, finansielt motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Nei

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Aurland kommune nyttar seg ikkje av Kommunekraft AS

5.1.4 Visit Sognefjord AS

Føremål:

Felles sals, marknadsførings og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som er tilknytt reiselivsnæringa og profilering av regionen. Visit Sognefjord AS utøver og vertskapsrolla for Aurland kommune.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 8,36%

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga – ordførar

1 medlem i styre- David Undredal

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsformål: Samfunnsøkonomisk motivert, regionalpolitisk posisjonering

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Visit Sognefjord har på oppdrag frå Sogn Regionråd laga ein Masterplan for reiselivet i Sogn, denne vart vedteken politisk i Aurland kommune i juni 2022.

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Visit Sognefjord AS driv i hovudsak med marknadsføring og sal av destinasjonen Sogn, og Aurland er store bidragsytarar inn i selskapet. Det vart politisk vedteke hausten 2021 at ein skulle gå over frå fysisk til digital turistinformasjon (vertskapsrolla). Dette var ei løysning som ikkje fungerte i 2022, og ein gjekk difor attende med å ha bemanna fysiske sognevert-punkt i Aurland og i Flåm. I Aurland har dette sognavertpunktet vore ope på Rådhuset frå 1.mai til 30.august, der Visit Sognefjord bemanna turistinformasjonen 15.juni-15.august.

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.1.5 Sogneprodukt AS

Føremål:

Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv, ei bru til arbeidslivet for dei som treng hjelp til å skaffe arbeid eller utdanning. Verksemda gir tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd er ein del av prosessen.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 4,5%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Kommunal representasjon: 1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

Samfunnsøkonomisk motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år: Nei

Selskapskontroll siste 5 år: Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

17 5.1.6 SognLab AS

Føremål:

Leverer laboratorietenester til offentlege og private kundar med hovudvekt på testing av vatn, miljø, kjøt og fisk, konsulentverksemd og anna verksemd med knyting til dette.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 4,5%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

Effektivisering av tenesteproduksjon

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år: Nei

Selskapskontroll siste 5 år: Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.2. Interkommunale selskap

5.2.1 SIMAS Iks

Formål:

SIMAS sine viktigaste oppgåver er å løysa eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering på ein best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig måte.

Dette inkluderer innsamling og transport av alle typar etter delegasjon å utføre eigarkommunane sine forvaltnings- og arbeidsoppgåver innan avfallshandtering på ein best mogeleg måte med omsyn til økonomi, ressursbruk og miljø. Selskapet er tildelt einerett for handtering av hushaldsavfall og har ikkje næringsverksemd til føremål. I arbeidet med desse oppgåvene skal selskapet ta omsyn til brukarane/innbyggjarane sine ønske og interesser. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall. Selskapet skal der dette er naturleg, søkje å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljørette løysingar når det gjeld gjenvinning. Selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap. Selskapet skal vera ein samfunnsaktør og pådrivar for å utvikle framtidsretta og miljømessige løysingar for handtering av avfall. Selskapet skal vera ein pådrivar og aktør i overgangen til sirkulær økonomi i deltakarkommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar. Gje tilbod om innsamling, gjenvinning og handsaming av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk rett. Avgjera i kva grad drifta kan skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med deltakarkommunane eller private

Styrande organ: Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost: 5,36%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Sirkla Ressurs

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

Effektivisering av tenesteproduksjon

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Endring av selskapsavtale for SIMAS IKS var oppe i kommunestyret og samrøystest vedtatt 16.12.2021, sak 091/21.

Selskapskontroll siste 5 år:

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS etter vedtak av kontrollutvala i eigarkommunane, datert november 2020.

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.2.2 Alarmsentralen IKS

Formål:

Selskapet skal være tryggleikssenter for deltakar- og eigarkommunane. Selskapet skal utføre mottak og formidling av alarmtenester for kommunane. Selskapsavtalen gjeld naudmeldtenester for brann, automatiske alarmer i bygg og reponscenterfunksjon for deltakarkommunane innan tryggleiksalarmer og velferdsteknologi.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar 19

Kommunen sin eigarpost: 1,67%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Kommunal representasjon:

Arvid Gilje

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

Samfunnsøkonomiske motiv:

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet. Aurland kommune vurderer tilknytning mht velferdsteknologi.

5.3. Kommunalt oppgåvefelleskap 5.3.1 IKTNH

Formål:

IKTNH skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver innan IKT knytt til drift, driftsstøtte, service, informasjonssikkerheit, samt utvikling, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester.

Styrande organ:

Representantskap, styre og dagleg leiar

Kommunen sin eigarpost: 3%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Digitalisering og Innovasjon, Nordhordland

Kommunal representasjon:

1 medlem i representantskapet – ordfører

1 medlem i styret - kommunedirektør

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):**Blandingsføremål:**

Samfunnsøkonomiske motiv og effektivisering av tenesteproduksjon

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år: Samarbeidsavtale for IKT

Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap - 2021

Selskapskontroll siste 5 år: Nei**Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:**

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet. Aurland kommune vurderer tilknytning mht velferdsteknologi.

5.4. Andre selskap og samarbeid

5.4.1 Samvirkeføretak/andelslag

Aurland kjøle og fruktlager SA

Formål: Fryseri og kjølelager med mottak og omsetning av landmannsprodukt for lagsmennene.

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

Aurland setjefisk SA

Formål: Produsere setjefisk for utsetjing i vatn og vassdrag i kommunen. Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

5.4.2. Vertskommunesamarbeid

Kommunen deltek i administrative vertskommunesamarbeid på følgande område:

- Barnevern (Aurland er vertskommune)
- Landbruk (Lærdal er vertskommune)
- Miljøretta helsevern (Sogndal er vertskommune)
- Lokalmedisinsk senter (Lærdal er vertskommune)
 - o Legevakt o Legevakttelefon
 - o Kommunelege
 - o Psykolog
- PPT (Sogndal kommune er vertskommune)
- Logopedi (Sogndal kommune er vertskommune)
- Offentlege innkjøp (Kinn er vertskommune)

Samarbeida er motivert ut frå effektivisering av tenesteproduksjon

5.4.3. Stiftingar

Medstiftar av Nærøyfjorden Verdsarvpark

Stiftar av Stiftinga Otternes Bygdetun

5.4.4. Gjensidig forsikringsselskap KLP

Formål:

Ivareta medlemmane sine behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan og anten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og anna verksemd som er lov for livsforsikringsselskap, medrekna administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.

KLP er eit gjensidig forsikringsselskap med fem heileigde dotterselskap organisert som aksjeselskap. Dotterselskapa skal bidra til auka vekst og lønsemd ved å tilby gode prisar på bank, fond og forsikring til alle som har pensjon i KLP.

Styrande organ:

Generalforsamling, føretaksforsamling, styre, Konsernsjef (dagleg leiar) og valkomité vald av føretaksforsamlinga.

Kommunen sin eigarpost:

Eigenkapitaltilskot

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

- KLP Skadeforsikring AS
- KLP Banken AS
 - KLP Kommunekreditt AS
 - KLP Boligkreditt AS
- KLP Kapitalforvaltning AS
- KLP Forsikringsservice AS
- KLP Eigedom AS

Kommunal representasjon:

Medlemar vel utsendingar (som regel ordførar) som har møte-, tale- og stemmerett i generalforsamlinga.

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsføremål:

Samfunnsøkonomiske motiv, finansielt motiv

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.5 Kommunale Føretak

5.5.1. Aurland Hamnevesen KF

Formål:

Aurland hamnevesen er eit kommunalt føretak. Føretaket står for utbygging og drift av offentlege hamnefunksjonar i kommunen. Føretaket hadde ei omsetning på 19 MNOK og eit overskot på 8 MNOK i 2022.



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/23	Formannskapet	31.08.2023
044/23	Kommunestyret	07.09.2023

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/573 - 23/5062	K1-143, K3-&00	Steinar Søggaard 95984633	23.08.2023

Justering av Aurland kommune sitt økonomi- og innkjøpsreglement i samsvar med vedtatt organisasjonsstruktur

Saka gjeld:

Aurland kommune sitt økonomi- og innkjøpsreglement må tilpassast ny organisasjonsstruktur jfr KS vedtak 008/23. Det justerte reglementet blir gjeldande frå 01.01.2024.

Tilråding frå kommunedirektøren:

Aurland kommune vedtek justert økonomi- og innkjøpsreglement gjeldande frå 01.01.2024. Reglementet erstattar økonomi- og innkjøpsreglement vedtatt i ks-sak 053/21.

Saksframlegg

Kommunestyret vedtok i sak 008/23 ein overordna organisering med tre kommunalområder. Målet er ein utviklingsorientert organisasjon med betre ressursutnytting, auka fleksibilitet og samhandling på tvers av tenester.

Sentrale tema i økonomireglementet er interne reglar som

bidreg til god økonomistyring og måloppnåing, forsvarleg og effektiv økonomistyring, god intern kontroll og som skal gje eit godt grunnlag for administrative og politiske vedtak.

Økonomireglementet utgjer ein del av det kommunale plansystemet. Gjennom lov om planlegging og byggesaksbehandling kap. 10 – 11, er kommunar pålagd å ha heilskapleg

planlegging og det skal være god kopling mellom kommuneplanen og økonomiplanen.

Aurland kommune innfører nytt digitalt system (Framsikt) i økonomiplanarbeidet som skal bidra med å tydeleggjere målstruktur og koplingar til andre planar. Systemet er allereie tatt i bruk i plansaker.

Kommunedirektøren er etter kommunelova §13-1 leiar av kommunen sin administrasjon, og har både utgreiings- og iverksettingsplikt overfor kommunestyret og andre folkevalde organ.

Etter kommunelova § 14-5 har kommunedirektøren fullmakt til å disponere løyvingane som er vedtatt i årsbudsjettet.

Vurdering

Aurland kommune sitt økonomi- og innkjøpsreglement må tilpassast ny organisasjonsstruktur. Kommunalleiarane er på plass, og skal i haust koordinere økonomiplan/budsjett-prosess innafor sine kommunalområder. Arbeidet skal gjerast i Budsjett- og økonomiplanmodulen i systemet Framsikt. Planmodulen er allereie tatt i bruk. I samband med dette er ei justering av økonomi- og innkjøpsreglementet i Aurland kommune naudsynt. Reglementet skal samsvare med KS-vedtak 008/23.

Uprenta vedlegg til saka:

31.08.2023 Formannskapet

Handsaming i møte:

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren: samrøystes

FS-044/23 Vedtak:

Aurland kommune vedtek justert økonomi- og innkjøpsreglement gjeldande frå 01.01.2024. Reglementet erstattar økonomi- og innkjøpsreglement vedtatt i ks-sak 053/21.

Samrøystes

Vedlegg:

Økonomi- og innkjøpsreglement for Aurland kommune - korrigert august 2023

Økonomi - og innkjøpsreglement for Aurland kommune

1.0 Bakgrunn for økonomireglementet

Frå 1. januar 2020 er alle kommunar pålagde å ha eit økonomireglement. Kommunestyret skal sjølv vedta reglar for økonomistyringa (økonomireglement) etter [kommunelova § 14-2 bokstav d\)](#) og [reglar for finans- og gjeldsforvaltning \(finansreglement\) etter kommunelova § 14-2 bokstav e\)](#).

1.1 Føremålet med økonomireglementet

Eit internt økonomireglement utfyller økonomireglane i kommunelova med forskrifter, og er tilpassa kommunen sitt behov. Sentrale tema i økonomireglementet er interne reglar som bidreg til:

- god økonomistyring og måloppnåing,
- forsvarleg og effektiv økonomistyring,
- god internkontroll og
- som skal gje eit godt grunnlag for administrative og politiske vedtak.

Økonomireglementet skal vere kort og inneheld ikkje detaljerte rutinar, men viser til ei rekkje rutinar og prosedyrar der det er aktuelt.

Økonomireglementet gjeld for Aurland kommune og kommunale føretak, sjå kapittel 9 for særskilde reglar for kommunale føretak.

Kommunen har eige reglement for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement), dette reglementet vart vedteke i kommunestyret i eiga sak, sak 0075/2017, den 26.10.2017.

1.2 Sentrale lover og forskrifter knytt til kommunal økonomiforvaltning

Utgangspunktet for reglementet er rammer og retningslinjer som følgjer av kommunelova med tilhøyrande forskrifter, her blant anna lov om offentlege anskaffingar, forvaltningslova, plan- og bygningslova, offentleglova, arkivlova og bokføringslova samt tilhøyrande forskrifter. Aktuelle lovverk og forskrifter for Aurland sitt økonomireglement er:


- [Lov 22.6.2018 nr. 83 og sist endra 21.6.2019 nr. 55 om kommunar og fylkeskommunar \(kommunelova\)](#)
- [Forskrift 07.6.19 nr. 714 om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar mv.](#)
- [Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar –](#)
- [Forskrift 18.10.2019 nr. 1412 om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar mv. \(KOSTRA-forskrifta\)](#)
- [Forskrift 11.12.2019 nr. 1731 om beregning av samla selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr \(selvkostforskriften\)](#)

- [Lov 17.06.2016 nr. 73 og sist endra 21.04.2017 nr. 18 om offentlige anskaffelser \(LOA\)](#)
- [Forskrift 12.08.2016 nr. 974 og sist endra 13.02.2020 nr. 159 om offentlige anskaffelser \(FOA\)](#)
- [Forskrift 12.08.2016 nr. 975 og sist endra 13.02.2020 nr. 159 om innkjøpsregler i forsyningssektorene \(forsyningsforskrifta\)](#)
- [Lov 10.02.1967 og sist endra 22.06.2018 nr. 83 om behandlingssmåten i forvaltningssaker \(forvaltningslova\)](#)
- [Lov 27.06.2008 nr. 77 og sist endra 26.05.2020 nr. 50 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#)
- [Lov 19.05.2006 nr. 16 og sist endra 22.06.2018 nr. 83 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd \(offentleglova\)](#)
- [Lov 04.12.1992 nr. 126 og sist endra 15.06.2018 nr. 38 om arkiv \(arkivlova\)](#)
- [Lov 20.12.2018 nr. 114 sist endra 20.12.2019 nr. 96 om bokføring \(bokføringsloven\)](#)

I tillegg til nemnde sentrale lover og forskrifter kjem også kommunen sine øvrige retningslinjer og reglement. Kommunen følgjer bokføringslova, med tilhøyrande forskrifter, her blant reglar knytt til meirverdiavgift- og meirverdiavgiftskompensasjon er omhandla. Kommunen følgjer standardar og anbefalingar frå [GKRS – Foreininga for god kommunal rekneskapsskikk](#).

1.3 Krav om heilskapleg planlegging og styring

Økonomireglementet utgjer ein del av det kommunale plansystemet. Gjennom [lov om planlegging og byggesaksbehandling kap. 10-11](#) er kommunar pålagd å ha heilskapleg planlegging og det skal være god kopling mellom kommune- og økonomiplanen. Figuren under illustrerer lovkrava knytt til samanhengen i det kommunale plansystemet, der planstrategien klargjer kva for planoppgåver kommunen burde starte opp eller vidareføre for å leggja til rette for ønska utvikling i kommunen. Kommunen si planlegging skal vise tydeleg samheng mellom kommunens kommuneplan og dei ulike fag- eller sektorplanar som vedtakast. Særskilde sektor- eller fagplanar må forankrast i økonomiplan og årsbudsjett som inneheld løyvingane. Eventuelle arbeidsprogram eller verksemdsplanar i einingane, må bygge på vedtatt årsbudsjett. Gjennom den samla økonomirapporteringa skal kommunedirektøren rapportere ressursbruk og vedtekne mål, rapporteringa skal også vise utviklinga i, og eventuelle avvik i forhold til dei målsettingane kommunestyret har vedtatt.



Figur 1 - Skjematiske framstilling av "fireårshjulet" og "årshjulet" i det kommunale plansystemet. Kjelde: Gode Råd – Kommunal planstrategi og rullerende kommuneplanlegging i Nordland – Fylkesmannen i Nordland. Tilpassa av BDO.

I eit rullerande kommunalt plansystem vil to planhjul være i rørsle samtidig, årshjulet og fireårshjulet. Kvart fjerde år tek kommunestyret stilling til om den langsiktige kommuneplanen skal reviderast. Denne rulleringa refererast ofte til som fireårshjulet. I tillegg er årshjulet i rørsle med årleg rullering av handlingsdel med økonomiplan, årsbudsjett og årsmelding. Økonomireglementet skal gje rammene for korleis kommunen ynskjer at tilsette skal handle i økonomiforvaltninga slik at kommunen når årsbudsjettet og sine langsiktige målsettingar.

1.4 Krav til internkontroll

Etter [kommunelova § 25-1](#) skal kommunane ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgt. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarleg for internkontrollen og internkontrollsystemet.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemdas storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Det er eit krav at kommunedirektøren skal:

- a. utarbeide skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b. ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c. avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- d. dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e. evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Dette økonomireglementet er meint å beskrive den økonomiske internkontrollen på eit overordna nivå og inneheld prinsipp og retningslinjer som skal sikre at kravet til internkontroll er overhaldd.

1.5 Oppbygging og innhald

Økonomireglementet er samansett av fleire delar. For kvart tema presenterast først gjeldande lovverk med referansar til aktuelle lovparagrafar for kvart einskilt tema. Påfølgande skildrast dei kommunalinterne rutineane for det aktuelle temaet.

Aktuelle tema i dette økonomireglementet er;

- Kapittel 1 Oversikt over lovmessig rammer
- Kapittel 2 [Økonomifullmakter](#)
- Kapittel 3 [Reglar for økonomiplan](#)
- Kapittel 4 [Reglar for årsbudsjett](#)
- Kapittel 5 [Reglar for økonomirapportering](#)
- Kapittel 6 [Reglar for rekneskapsføring](#)
- Kapittel 7 [Reglar for anskaffing av varer og tenester](#)
- Kapittel 8 [Reglar for internkontroll](#)
- Kapittel 9 [Reglar for kommunalt eigarskap](#)

For kvart tema blir gjeldande lovverk med referansar til aktuelle lovparagrafar for kvart einskilt tema presentert først. Påfølgande beskrivast dei kommunalinterne rutineane for det aktuelle temaet.

Det er utarbeidd eige økonomireglement for kommunale føretak, det presenterast i kapittel 9.

2.0 Økonomifullmakter

2.1 Lovverk

Kommunedirektøren er etter [kommunelova §13-1](#) leiar av kommunen sin administrasjon og har både utgreiings- og iverksettingsplikt overfor kommunestyret og andre folkevalde organ. Etter [kommunelovas § 14-5](#) har kommunedirektøren fullmakt til å disponere løyvingane som er vedtatt i årsbudsjettet.

2.2 Delegerte fullmakter

Følgande økonomifullmakter er gjeldande i Aurland kommune.

#	Fullmaktsområde	Rammeområder	Kommunedirektøren har delegert vidare til	Merknad
1	Disponering av vedtatt budsjett (kompl. § 14-5)	10 – Politikk og administrasjon 20 – Oppvekst 30 – Helse og omsorg 40 – Samfunnsutvikling	Leiar Støtte og digitalisering Kommunalleiar Oppvekst Kommunalleiar Helse og omsorg Kommunalleiar Samfunnsutvikling	Kommunedirektøren sin delegering er avgrensa til kr. 2 mill. for enkelt faktura, kontraktar, arbeidsavtaler osv I samsvar med godkjend betalingsplan, vil delegeringa gjelde for betalingsforpliktinga samla
2	Budsjett-tekniske korreksjonar, endringar m.v	Sjå fullmaktsområde 1	Som for fullmaktsområde 1.	Kommunedirektøren kan flytte budsjettpostar, tenester og opprette nye einingar, så lenge dei ikkje medføre endring av samla netto utgift for kommunen samla.
3	Attestasjon	Innanfor eige rammeområde		Sjå dokumentet «Tilvising fullmakter 2020»
4	Betalings- og bankfullmakt	Økonomisjef		Alle utbetalingar frå kommunen skal godkjennast av to personar
5	Anskaffing av varar og tenester	Sjå fullmaktsområde 1	Sjå fullmaktsområde 1	Kommunedirektøren sin delegering er avgrensa til kr. 2 mill. for enkelt faktura, kontraktar, arbeidsavtaler osv
6	Tilvisningsmynde	Sjå fullmaktsområde 1	Ingen tilsette kan tilvise eigne utlegg.	Sjå dokumentet «Tilvising fullmakter 2020». Kommunedirektøren sin delegering er avgrensa til kr. 2 mill. for enkelt faktura, kontraktar, arbeidsavtaler osv
7	Opprette og inndra stillingar	Vidaredelegerast ikkje		
8	Særnamnsmynde	Økonomisjef		Link til rutinar
9	Avskriving av krav	Økonomisjef		Link til rutinar
10	Fremme krav i konkursbu	Økonomisjef		Link til rutinar
11	Krisehandsaming	Vidaredelegerast ikkje	Inntil 2 million kroner	
12	Bruk og avsetning av fond			Bruk og avsetning i fond skal fremjast i budsjettsaka til kommunestyret. Eventuelle endringar

				gjennom året skal vedtakast i kommunestyret.
--	--	--	--	--

				Kommunedirektøren har fullmakt til å disponere kommunen sitt lønsreguleringsfond, HMS-fond og kompetansefond.
--	--	--	--	---

Tabell 1: Delegerede økonomifullmakter

Kommunedirektøren har fullmakt til å gjennomføre endringar i reglementet som er av teknisk og administrativ art. Vidare har kommunedirektøren fullmakt til å endre delegeringar og fullmakter til dømes ved endringar i organisering eller struktur.


Fullmakter delegert frå kommunestyret til styret i Aurland Hamnevesen KF visast i kapittel 7.

3.0 Økonomiplan

3.1 Lovverk

Kommunestyret skal etter [kommunelovas § 14-2](#) årleg vedta ein rullerande økonomiplan som omfattar dei fire neste budsjettåra.

- Økonomiplanen skal;
 - syne kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, samt dei måla og premissa som økonomiplanen byggjer på
 - vere kopla til kommuneplanens samfunnsdel
 - syne utviklinga i kommunen sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, [kommunelova §14-2](#) og [§14-7](#)
 - vere samansett av ein driftsdel og ein investeringsdel, og oppstillinga skal innehalde kolonne for siste års rekneskap, inneverande års budsjett og budsjett for alle 4 åra i kommande økonomiplan.



Figur 2: Skjematisk framstilling av årsjulet i det kommunale plansystemet. Kjelde: Gode råd - kommunal planstrategi og rullerande kommuneplanlegging.

Formannskapet skal utarbeide innstilling til kommunestyret sin økonomiplan ([§ 14-3](#))

3.2 Kommunen sine finansielle måltal

Kommunen er pliktig til å fastsette og rapportere på finansielle måltal for kommunen si utvikling.

Aurland kommune har målsetting om ein sunn kommuneøkonomi og følgjer Teknisk berekningsutval (TBU) sine anbefalingar;

- Netto driftsresultat på minst 1,75% av brutto driftsinntekter
- Gjeldsgrad mindre enn 75% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond minst 10% av brutto driftsinntekter

Dei finansielle måltala gjeld for kommunar si ordinære drift, og inkluderer ikkje tilhøyrande kommunale føretak.

3.3 Økonomiplan - drift

Kommunen sin samla drift skal innarbeidast i økonomiplanen sin driftsdel, og planen skal syna prioriteringar og løyvingar til dei underliggende rammeområda i kommunen. Økonomiplanen sin driftsdel skal også innehalde utviklinga i gjeld og andre langsiktige forpliktingar.

- Kommunedirektøren utarbeider forslag til driftsplan og kva for driftsprosjekt som bør gjennomførast.
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- Kommunestyret vedtek driftsplanen til dei ulike rammeområda.

- Driftsrammeløyvingane skal syna dei einsskilte rammeområda sine ulike løyvingar og tiltak kvart år i perioden. Driftskonsekvensar av investeringsprosjekt skal og synleggjerast.
- Driftsplanen skal syna nivået på dei finansielle måltal for ei langsiktig styring av kommunens økonomi

3.4 Økonomiplan - investering

Alle investeringsprosjekt skal innarbeidast i økonomiplanen sin investeringsdel. Planen skal vise alle løyvingar til bygg, anlegg og utstyr. I tillegg skal planen innehalde planlagde utlån (dvs. formidlingslån), mottekne avdrag på desse utlåna, kjøp og sal av aksjar og sal av eigedomar. Driftskonsekvensar av investeringar skal synleggjerast. VA investeringar og ikt-investeringar blir vedtatt pr. ramme, medan andre investeringar blir vedtatt per prosjekt.


- Kommunedirektøren utarbeider forslag til investeringsplan, og kva for investeringar som bør gjennomførast.
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- Kommunestyret vedtek rammeløyvingar til dei ulike formåla
- Rammeløyvingane skal vise VA-investeringar og ikt-investeringar samla pr. ramme, medan andre investeringar skal vise dei einsskilte investeringsobjekta
- Investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår skal takast inn i investeringsbudsjettet med den delen av utgiftene til prosjektet som kan påreknast i det enkelte budsjettår
- Investeringsplanen skal syna fullfinansiering for heile økonomiplanperioden
- Investeringsprosjekt som går over fleire år skal ha eit samla kostnadsoverslag med tilhøyrande finansieringsplan før tiltaket vert vedteke starta opp.

4.0 Årsbudsjett

4.1 Lovverk

Kommunestyret skal etter [kommunelovas § 14-4](#) kvart år vedta eit årsbudsjett.

- Årsbudsjettet skal:
 - syne utviklinga i kommunen sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, [kommunelova §14-2](#) og [§14-8](#)
 - delast opp i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett, syne kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, samt dei måla og premissa som årsbudsjettet byggjer på, jamfør [kommunelova §14-4](#)
 - angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret, [kommunelova §14-4](#)
 - dekke inn tidlegare års meirforbruk i driftsregnskapet og beløpa som ikkje er dekkja i investeringsregnskapet etter reglene i [kommunelova § 14-11](#) og [§ 14-12](#).



Figur 3 - Skjematisk framstilling av "årshjulet" i det kommunale plansystemet. Kjelde: Gode Råd – Kommunal planstrategi og rullerende kommuneplanlegging i Nordland – Fylkesmannen i Nordland. Tilpassa av BDO.

Formannskapet skal utarbeide innstilling til kommunestyret økonomiplan [i tråd med kommunelova § 14-3](#)

4.2 Driftsbudsjettet

Driftsbudsjettet skal syne kommunestyrets prioriteringar og dei økonomisk rammene som er fastset til disponering for dei ulike rammeområda inneverande år.

- Kommunedirektøren utarbeider forslag til driftsbudsjett og tildelingar til kvart rammeområde. Det utarbeidast eige budsjett for konsesjonsavgiftsfondet. Det skal utarbeidast eigen budsjettpost for HMS-fondet, kompetansefondet og lønnsreguleringsfondet
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- Kommunestyret vedtek årsbudsjettet og eventuelle endringar gjennom året
- Driftsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei måla og premissane som årsbudsjettet byggjer på.
- Tildelingane løyvast som netto driftsrammer for kvart rammeområde

4.3 Investeringsbudsjettet

Alle investeringsprosjekt som gjennomførast i budsjettåret skal innarbeidast i budsjettet sin investeringsdel, og budsjettet skal vise alle løyvingar til bygg, anlegg og utstyr. Vidare skal budsjettet innehalde planlagde utlån (dvs. formidlingslån), mottekne avdrag på

desse utlåna, kjøp og sal av aksjar og sal av eigedomar. Driftskonsekvensar skal synleggjerast.

- Kommunedirektøren utarbeider forslag til investeringsbudsjett og tildelingar til kvart rammeområde
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- Kommunestyret vedtek årsbudsjettet
- Investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår skal takast inn i investeringsbudsjettet med den delen av utgiftene til prosjektet som kan påreknast i det aktuelle budsjettåret. Det skal liggja føre vedtak om total kostnadsramme for fleirårige enkeltprosjekt.
- Vesentleg avvik i framdrift og kostnad krev budsjettregulering gjennom året. Unytta løyvingar i eit årsbudsjett skal og innarbeidast i neste års budsjett. Dette kan gjerast i det ordinære budsjettvedtaket eller i samanheng med ei budsjettregulering.
- Investeringsbudsjettet vert fastsett som brutto utgifter og inntekter pr. rammeløyvingsområde. For investeringar i eit enkelt anleggsmiddel der brutto investeringsutgift er meir enn ein million kroner, skal investeringa visast med brutto utgifter og inntekt pr. investeringsprosjekt.
- Når eit prosjekt kjem til investeringsløyving i årsbudsjettet, skal prosjektet vere tilstrekkeleg utgreidd og kvalitetssikra.
- Før iverksetjing av investeringsprosjekt skal prosjektet vere fullfinansiert.

4.4 Arbeidsprogram


Kommunale einingar kan utarbeide verksemdsplanar eller arbeidsprogram som skal gjennomførast for å realisere måla fastsett i kommuneplanen, planar for kommunalråda, økonomiplan og vedtatt årsbudsjett. Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjere behovet for og innhaldet i slike plan- eller arbeidsprogram.

5.0 Økonomirapportering

5.1 Lovverk

Kommunedirektøren skal minst to gonger i året rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter samanlikna med vedtatt årsbudsjett [kommunelova §14-5](#).

Rekneskapsføringa skal utførast i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Kommunal rekneskapsstandar gjeve av [GKRS](#) har rettsleg verknad for kommunen si rekneskapsføring.



Figur 4 - Skjematisk framstilling av "årshjulet" i det kommunale plansystemet. Kjelde: Gode Råd – Kommunal planstrategi og rullerende kommuneplanlegging i Nordland – Fylkesmannen i Nordland. Tilpasset av BDO

Rekneskapsføringa skal utførast i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Kommunal rekneskapsstandar gjevne av [GKRS](#) har rettsleg verknad for kommunen si rekneskapsføring.

5.2 Rekneskapen

Kommunen skal utarbeide både eit driftsrekneskap og eit investeringsrekneskap. Rekneskap skal førast brutto. Det skal ikkje gjerast frådrag for tilhøyrande inntekter på utgiftspostar. I praksis vil dette sei at alle utgifter/utbetalingar må visast med brutto sum. Tilsvarende for inntekter/innbetalingar.

Årsrekneskapen består av følgjande dokument:

1. Løyvingsrekneskap som består av drift- og investeringsrekneskap
2. Balanserekneskap
3. Økonomiske oversikter, jfr. rekneskapsforskrifta
4. Noter
5. Nasjonal rapportering (KOSTRA)
6. Årsmelding

Fagsjef for rekneskap har ansvar for dokumenta i punkt 1-5. Rådmannen har ansvar for årsmeldinga.

Overføringar til og frå fond skal ha heimel i kommunestyrevedtak. Det skal gjennomførast justeringar som salderer drift, samt disposisjonar ved årsavslutning. For overføringar til og frå Lønsreguleringsfond, HMS-fond og kompetansefond er det delegert fullmakt til kommunedirektøren.

Aurland kommune følger bokføringsloven og regnskapsloven, og utarbeider årsregnskap for drift og investering slik det er stadfesta i lov, forskrift og GKRS-standardar.

5.3 Tertialrapportering

Kommunedirektøren utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret. Rapportane skal innehalde;

- ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- melding om eventuelt avvik i høve til framdrift, kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon, inkludert finansielle måltal
- ei vurdering av kommunen sin finansforvaltning
- dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren føreslå endringar i årsbudsjettet

Tertialrapport blir lagt fram på første formannskapsmøte etter 25. mai og 25. september.

5.4 KOSTRA - rapportering

Kommunen skal rapportere tenesteproduksjons- og økonomidata til Statistisk Sentralbyrå. Talmaterialet omfattar økonomi, skule, helse, kultur, miljø, sosiale tenester, busetnader, tekniske tenester og samferdsel mm. Formålet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata (type tenester, tal produserte einingar, personellinnsats årsverk/timar, brukarar m.m.) med økonomidata (utgifter og inntekter pr. funksjon). Samanstillinga gjev informasjon om prioritet, produktivitet og dekningsgrader i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen si styring.

5.5 Årsmelding

Rapporteringa av økonomidata byggjer på artar og funksjonar i samsvar med eigen forskrift. Kommunen sin økonomimodell må ta omsyn til [rapporteringskrava i KOSTRA](#).

Kommunedirektøren skal årleg utarbeide ein rapport som inneheld kommunen sitt årsregnskap samt ein oversiktleg skildring av organisasjonen sin drift i gjennom året. Årsmeldinga skal svare ut prioriteringar vedtatt i kommunen sin økonomiplan, samt inneverande årsbudsjett for drift og investering. Kommunestyret vedtek årsmeldinga

6.0 Anskaffing av varer og tenester

6.1 Føremål og verkeområde

Reglementet gjeld for alle typar innkjøp og anskaffingar til Aurland kommune si verksemd, og har som overordna siktemål å sikre effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Tilsvarande skal reglementet bidra til at kommunen opptre med integritet, slik at allmennheita har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg måte.

Aurland kommune deltek i INSS-samarbeidet saman med kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, med Kinn kommune som vertskommune. Kinn kommune sitt innkjøpsreglement ligg til grunn for samarbeidet, og har forrang framfor dette reglementet når anskaffingar blir gjort av innkjøpsamarbeidet.

Aurland kommune deltek i IKTNH-samarbeidet, og kommunen er forplikta til å nytte samarbeidet sine rammeavtalar/innkjøp innan datautstyr, telefoni og programvare (lisensar).

Alle tilsette involvert i kommunen sine innkjøp plikter å setje seg grundig inn i innkjøpsreglementet, gjeldande lover og forskrifter samt å innrette kommunen sin innkjøpspraksis i samsvar med desse. Likeins plikter tilsette å setje seg inn i kommunen sine etiske retningslinjer og å sikre at kommunen står fram som ein ansvarleg innkjøpar.

6.2 Lov- og regelverk og kommunal reglement, planar og retningslinjer

Lover og forskrifter som regulerer kommunen sin innkjøpspraksis er gjort greie for i punkt 1.2 i dette økonomireglementet. Likeins er delegererte fullmakter som følgjer av kommunen sitt delegeringsreglement og som påverkar innkjøpspraksisen gjort greie for i punkt 2.2.

I tillegg til lov- og regelverk legg kommunale retningslinjer rammer for kommunen sin innkjøpspraksis. Kommunen sine etiske retningslinjer skal saman med dette økonomi- og innkjøpsreglementet vere styrande for korleis kommunen opptre som innkjøpar. Vidare står kommunen sin rolle som miljømedviten innkjøpar av varer og tenester sentralt i dei prioriterte strategiane som går fram av Kommuneplan for Aurland kommune – Samfunnsdel 2022-2033 (vedtatt 03.11.22, sak 047/22)

6.3 Miljøkrav

Det følgjer av [lov for offentlige anskaffelser § 5](#) at offentlege oppdragsgjevarar skal «innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåverknings, og fremme klimavennlige løysningar der dette er relevant». I tråd med desse føringane og handlingsplan for klima (kommuneplanen) vil Aurland kommune nytte innkjøpsmakta si

som verkemiddel i arbeidet med det grønne skiftet og stille relevante miljøkrav der det er aktuelt.

6.4 Kommunale reglar

Kommunedirektøren

- har fått delegert fullmakt frå kommunestyret i innkjøps saker, jf delegeringsreglementet.
- er ansvarleg for etablering, implementering og vedlikehald av dette reglementet.
- kan delegerer sine fullmakter i innkjøps saker vidare til innkjøpsleiar og/eller leiarar for rammeområder. Dette innanfor områda sine eigne budsjett. Leiar for dei ulike områda kan om nødvendig delegerer vidare delar av fullmaktene i samsvar med gjeldande administrativt delegeringsreglement.

Strategiske omsyn på anskaffingsområdet

Aurland kommune skal vere ein krevjande oppdragsgjevar, og kommunen sin innkjøps praksis skal vere kjenneteikna ved ansvarleg og profesjonell forvaltning av fellesskapet sine ressursar.

Aurland kommune sin innkjøps praksis skal, så langt det er mogleg innanfor rammene av lov- og regelverk, prioritere lokalt og regionalt næringsliv og slik bidra til konkurransedyktige lokale/regionale alternativ. Kommunen skal gjennom marknad dialog og andre verkemiddel stimulere det lokale næringslivet til å kvalifisere seg og/eller etablere samarbeid som kan gjere dei konkurransedyktige i kommunale innkjøpsprosessar.

Samarbeid

Aurland kommune deltek i INSS-samarbeidet med andre kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, med Kinn kommune som vertskommune. Gjennom dette samarbeidet oppnår kommunen tilgang til innkjøpskompetanse, auka innkjøpsmakt, stordriftsfordelar i avtaleforvaltninga og styrka kvalitet i kommunen sin innkjøps praksis.

Digitalisering

Aurland kommune skal bruke tilgjengelege verktøy for å digitalisere arbeidsprosessane knytt til kommunale innkjøp. Kommunen skal etterspørje Efaktura frå leverandørane, gjere bruk av konkurransegjennomføringsverktøyet EU Supply ved inngåing av nye kontraktar og VISMA Ehandel for bestilling/avrop på eksisterande avtalar

6.5 Arbeidsmiljø, løns- og arbeidsvilkår, etisk handel og andre samfunnsomsyn

Aurland kommune skal vere ein ansvarleg offentleg oppdragsgjevar og stille krav til arbeidsmiljø og løns- og arbeidsvilkår som sikrar at ILO sine kjernekonvensjonar vert

haldne, at menneskerettar ikkje vert brotne og at varer og tenester blir produserte i samsvar med internasjonalt anerkjende standardar for arbeidsforhold og miljøomsyn.

Aurland kommune skal i relevante konkurransar stille kontraktskrav om at tilbydarar er tilknyttta læringoordning, og at ein eller fleire lærlingar skal delta i gjennomføringa av kontrakten. Aurland kommune skal stille kontraktskrav om løns- og arbeidsvilkår i teneste- og bygge- og anleggskontraktar i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser § 6.

6.6 Prosess for anskaffingar i klassisk sektor

Det følgjer [lov om offentlige anskaffelser § 4](#) at offentlege anskaffingar, uansett verdi, skal vere:

- Baserte på konkurranse
- Sikre likebehandling
- Vere føreseielege
- Vere etterprøvbare
- Vere forholdsmessige

Terskelverdiar

Kva for reglar som gjeld for ei anskaffing er avhengig av estimert total verdi for anskaffinga, inkludert opsjonar. Ei slik estimering av total verdi skal vere forsvarleg og i samsvar med lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Det er t.d. ikkje høve til å dele opp anskaffingar som naturleg høyrer saman for å tilpasse seg desse terskelverdiane. Estimert total verdi bestemmer kva for delar av regelverket som er aktuelt, og er regulert av terskelverdiar som vert fastsette av Nærings- og fiskeridepartementet annakvart år.

Gjeldande terskelverdiar i klassisk sektor pr 12.02.2020^[1] er:

Verdi		Del av regelverk
NOK 100 000	Verkeområde for lov og forskrift	FOA Del I
MNOK 1,3	Nasjonal terskelverdi	FOA Del II
MNOK 2,05	EØS-terskelverdi, vare- og teneste-kontraktar, kommunale oppdragsgjevarar	FOA del III
MNOK 51,5	EØS-terskelverdi, bygge- og anleggskontraktar, alle oppdragsgjevarar	FOA Del III
MNOK 7,2	EØS-terskelverdi, helse- og sosialtenester og særlege tenester	FOA Del IV FOA Del II (særlege t.)

Tabell 2: Terskelverdiar i klassisk sektor 2020-2022 (Kjelde: Nærings- og fiskeridepartementet)


Estimert total verdi gjev føringar for korleis anskaffingsprosessen skal utførast:

Verdi	Prosess
Estimert total verdi under NOK 100 000	Kan kjøpast direkte frå ein leverandør, men bør vere basert på konkurranse mellom 2 eller fleire aktuelle tilbydarar. Kjøp direkte frå ein leverandør utan konkurranse skal dokumenterast skriftleg.
Estimert total verdi mellom NOK 100 000 og nasjonal terskelverdi	Konkurranse mellom minimum 3 aktuelle tilbydarar. Kunngjerast for marknaden og/eller aktuelle tilbydarar som er vurdert som relevante. Anskaffing med verdi over NOK 500 000 bør som hovudregel kunngjerast i DOFFIN (nasjonal database). Relevante vurderingar dokumenterast i samsvar med krav i lov- og regelverk.
Estimert total verdi mellom nasjonal terskelverdi og EØS terskelverdi	Kunngjering i DOFFIN (nasjonal database). Relevante vurderingar dokumenterast i samsvar med krav i lov- og regelverk.
Estimert total verdi over EØS terskelverdi	Kunngjering i DOFFIN og TED database (dvs. i EU-/EØS-marknaden)

Tabell 3: Anskaffingsprosessar for kontraktar av ulik verdi (Kjelde: Aurland kommune)

Anskaffingsprosessen frå identifisert behov til implementert løysing

Prosessen frå identifisert behov til implementert løysing kan framstillast på fleire måtar, t.d. som aktivitetar langs ei tidslinje eller ein sirkel der læringseffektane frå kontraktsgjennomføringa går inn i planlegginga av neste anskaffing. Uavhengig av korleis ein vel å framstille anskaffingsprosessen er det slik at regelverket for offentlege anskaffingar ikkje dekker alle delar av ei kommersielt sett vellukka anskaffing. Til dømes gjeld anskaffingsregelverket kun fram til signering av kontrakten – etter dette tek avtaleretten over. Det ligg potensiale for store vinstar i gode avklaringsprosessar før kunngjering, og tilsvarande også i god kontraktsoppfølging.



Likeins er moglegheitene for å påverke innhaldet i anskaffinga, og dermed også kostnadane, størst tidleg i behovsavklaringa, mens kostnadskonsekvensen av endringar aukar jo lengre ut i prosessen ein kjem. Desse mekanismane, kombinert med at anskaffingsregelverket avgrensar i kor stor grad ein kan gjere vesentlege endringar etter at konkurransen er lyst ut, understrekar at god planlegging og god marknadskunnskap er suksessfaktorar for gode innkjøp.

Det er utarbeidd sjekklisar for gjennomføring av anskaffingar innan dei ulike verdigrensene. Desse ligg som vedlegg til reglementet.

6.7 Prosess for anskaffingar i forsyngssektoren

Regelverket for offentlege anskaffingar skil mellom klassisk sektor og forsyngssektoren. Til klassisk sektor reknar ein anskaffingar ein offentlig oppdragsgjevar gjer av varer, tenester, bygge- og anleggskontraktar og plan- og designkonkurransar, mens forsyngssektoren omfattar kontraktar innan vatn- og energiforsyning, transport og posttenester^[2]. For anskaffingar i forsyngssektoren gjeld eigne reglar og beløpsgrenser som er skildra i forsyngsforskrifta. Reglane for forsyngssektoren er gjennomgåande meir fleksible enn for klassisk sektor, og har ikkje like omfattande prosedyrereglar.

For Aurland kommune gjeld dette i hovudsak vatn- og avlaup/kommunalteknikk. Det store fleirtalet av anskaffingane kommunen gjer ligg i klassisk sektor, og derfor vert ikkje reglane for forsyngssektoren utdjupe ytterlegare.

6.8 Krav til kompetanse

Tilsette med ansvar for å gjennomføre anskaffingar pliktar å setje seg inn i dette reglementet og relevant lov- og regelverk som gjeld for anskaffinga. For komplekse anskaffingar og/eller anskaffingar med høg verdi eller risiko skal kommunen vurdere om

kompetansen i eigen organisasjon er tilstrekkeleg for å gjennomføre anskaffinga, eller om kommunen skal be om bistand frå INSS-samarbeidet. I dei høva der innkjøpssamarbeidet ikkje har relevant kompetanse bør kommunen vurdere å kjøpe bistand frå spesialistar på fagområdet.

Kommunedirektøren skal utarbeide kompetanseutviklingsplanar for tilsette som jobbar med anskaffingar, for slik å sikre at dei har gode kunnskapar om både den kommersielle og den formelle dimensjonen ved offentlege innkjøp.

6.9 Krav til bruk av konkurransegjennomføringsverktøy (KGV)

Gode verktøy kan bidra til kvalitetssikring av arbeidsprosessar. For anskaffingar sikrar bruk av konkurransegjennomføringsverktøy dokumentasjon om prosessen slik at grunnleggjande krav til m.a. føreseielegheit og etterprøvbarheit vert oppfylte.

Konkurransegjennomføringsverktøyet er sett opp med malar og sjekklister som systematiserer beste praksis for anskaffingar. Når ein anskaffingsprosess blir avslutta i KGV skal innkjøpar skriftleg dokumentere læringspunkt frå gjennomføringa.

6.10 Krav til kontroll av varemottak og leveranse kvalitet

Det skal gjennomførast høvesvis kontroll av varemottak og kontroll av leveranse kvalitet ved anskaffing av varer og tenester i samsvar med reglane for tilvising og kontroll som framgår av delegasjonsreglementet. Kontrollen skal dokumenterast i relevante fagsystem.

7.0 Kommunale eigarskap

Aurland kommune eig aksjeselskapet Aurland Eige AS. Aksjeselskapet er eige rettssubjekt og er formelt sett ikkje ein del av kommunen, korkje organisatorisk, økonomisk eller kompetansemessig. Kommunen si styring av selskapet skal utøvast gjennom eigarstyring og reglane i aksjelova.

7.1 Aurland Hamnevesen KF

Aurland Hamnevesen KF er ein del av kommunen si verksemd og underlagt kommunestyret. I [vedtektene](#) fastset kommunestyret verksemda sitt føremål og økonomiske rammer. Kommunestyret fastsett dermed den ytre ramma for styret si mynde.

Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller i andre vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Kommunedirektøren har i utgangspunktet ikkje instruksjonsmynde eller omgjeringssmynde overfor verksemda sitt styre eller leiing, berre oppsettande verknad slik at spørsmål/avklaring kan leggast fram for eigar.

Styret for Aurland Havnevesen KF har ansvaret for at [kommunale forskrifter](#) etter [havne- og farvansloven](#) blir følgt.

Aurland Hamnevesen KF følger kommunen sine budsjett- og rekneskapsreglar, med dei presiseringar som følgjer i kapittel 7.1 og 7.2.

7.2 Økonomifullmakter

[Vedtekt for Aurland Hamnevesen KF](#) regulerer styret sitt ansvar og plikter. Det er styret i føretaket som er ansvarleg for at føretaket driv i tråd med lov- og forskrift.

Styret for føretaket er gitt fullmakt til å disponere vedtatt årsbudsjett og kan inngå nødvendige avtaler eller kontraktar innanfor ramma av kommunestyrets vedtak. Styret i føretaket skal vedta og kontrollere at dagleg leiar følgjer føretakets regler og retningslinjer.

Endringar av disponeringane må skje med finansiell dekning innan kommunestyrets budsjettvedtak for årsbudsjettet det enkelte år. Alle budsjettjusteringar skal medelast rådmannen fortløpande og seinast innan ei veke etter at vedtaket er fatta.

Styret har ansvar for den økonomiske utviklinga i løpet av året, og for å iverksette nødvendige tiltak for å hindre meirforbruk i forhold til tildelt budsjetttramme.

Styret skal ved vesentlege negative avvik i forhold til vedtatt budsjett, snarast mogleg varsle kommunedirektøren og kommunestyret. Som hovudregel skal varsling skje som ledd i tertialrapporteringa.

7.3 Krav til økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap og rapportering

Kommunestyret vedtar føretakets økonomiplan, årsbudsjett og rekneskap etter forslag frå styret. Styret kan foreta endringar i budsjettet (både drift- og investeringsbudsjettet) innanfor kommunestyrets vedtekne rammer. Styret fastsett kor detaljert driftsbudsjettet skal vere.

Med unntak av øymerka midlar skal det ikkje leggjast opp fond frå drifta, ubrukte midlar skal nyttast i påfølgande års budsjett.

Meir- eller mindreforbruk i budsjettåret skal enten dekast inn eller disponerast året etter regnskapsåret, slik det følgjer av [kommunelova §14-12](#).

Investeringane skal spesifiserast per formål/investeringsobjekt og finansiering skal visast. Kommunestyret kan vedta ei kostnadsramme for eit enkeltprosjekt eller som ein sum for ei gruppe av enkeltprosjekt. Endringar i kostnader knytt til investeringane kan ikkje gjennomførast utan fullfinansiering i årsbudsjettet.

Det er kommunestyret som vedtar låneopptak.

For 1. og 2. tertial i året skal det utarbeidast ein rapport som beskriv den økonomiske utviklinga samt utviklinga i investeringsaktivitet og i tenesteproduksjon i forhold til budsjett- og aktivitetsplanar, samt sjukefråvær og HMS-arbeid. Føretaket har plikt til å levere informasjon i samsvar med det opplegg kommunedirektøren har for utforming av kommunen sine tertialrapportar til kommunestyret.

Kommunestyret presiserer at utover krav til særbudsjett, særrekneskap og årsberetning som følgjer av lov, forskrifter og standardar frå GKRS, skal Aurland Hamnevesen følgje Aurland kommune sine reglar og retningsliner for innhald, form og fristar slik desse framkommer i økonomireglementet.

[1] <https://www.regjeringen.no/contentassets/48242c43007d4e4c95dec5d63b2df498/nye-terskelverdier-av-12-februar-2020.pdf>

[2] <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/offentlige-anskaffelser-/andre-kolonne/virkeomrade-for-forsyningsforskriften/id2598956/>



ADVOKATFIRMAET
Johannes Hauge

Advokat Johannes Hauge MNA
POSTADRESSE: Postboks 76, 6851 Sogndal
BESØKSADRESSE: Parkvegen 5, Sogndal
TELEFON: 57 62 99 80 MOBIL: 95 80 53 83
TELEFAKS: 57 62 99 81
E-POST: joho-hau@online.no

Avdeling Skel i Jølster
POSTADRESSE: Postboks 35, 6841 Skel
TELEFON: 57 72 81 00
TELEFAKS: 57 72 81 01

DRIFTSKONTO: 3730.05.23065
KLIENTRONTO: 3730.07.20277
ORGANISASJONUMMER.: 871 364 052 MVA

Statsforvaltaren i Vestland,
Statens hus,
Njøsavegen 2,

6863 LEIKANGER

E-post: sfvlpost@statsforvaltaren.no.

KLAGE PÅ AURLAND KOMMUNESTYRE SITT VEDTAK I SAK 212/23 VEDKOMANDE OMRÅDEPLAN OG ADMINISTRATIVT VEDTAK OM RAMMELØYVE FOR OPPARBEIDING AV OFFENTLEG PARKERINGSPLASS

Det vert vist til klage d.s. 15.05.23 og statsforvaltaren sitt skriv d.s. 04.07.23 der det går fram at klagen ikkje er teken til fylgje. Det vert vidare vist til seinare telefonsamtale der det vart sagt at det vert bede om ny vurdering då denne side meiner at vedtaket til statsforvaltaren ikkje er i samsvar med gjeldande plan, planomtale og planføresegner for området. Det vart i telefonsamtalen også peika på at krav om ny handsaming vert fremja når nytt kartmateriale er motteke frå kommunen då motteke kart var vanskeleg å få god nok oversikt med.

Kart i målestokk 1:2000 vert sendt i eige brev. Kartet viser at området der parkeringsplassen ligg er omkransa av bustader og eit friområde. Sjølve parkeringsplassen har omsynssone H320_1, medan bustadområde har omsynssone H 320_1 – 320_5, H310_4 og 5 og friområdet H220_1. Dette betyr at dette området er utsett for ras- og skredfare og flaumfare.

Statsforvaltaren har som kommunen, i si vurdering berre lagt til grunn sjølve parkeringsplassen. Dette er denne side ikkje samd i og viser til det som er sagt i planomtalen, jfr. nedanfor.

Planomtalen pkt. 1.4.2. – Tilhøve til byggesak/tiltak.

*Det er ikkje krav om detaljreguleringsplan for veg/gate og mindre byggverk på areal sett av til hamn. **For alle utbyggingsområda er det krav om reguleringsplan. Det gjeld og for byggverk på kaianlegga. Omsynet til tryggleik er søkt ivareteke gjennom føresegnene til områdereguleringsplanen. Ved søknad om gjennomføring av tiltak skal det dokumenterast at naudsynte sikringstiltak vert gjennomført, samtidig som det skal dokumenterast at tiltaket og sikring ikkje fører til vesentleg ulempe for anna tilgrensande arealbruk.***

Unntaket frå krav om detaljreguleringsplan går fram i første setning. Dette kan ikkje tolkast på annan måte enn at for alle andre tiltak så skal det utarbeidast

detaljreguleringsplan. Det skal i tillegg dokumenterast at turvande sikringstiltak vert gjennomført. Dette kravet er heller ikkje oppfylt.

Planomtalen pkt. 1.4.3. – Detaljregulering.

*I områdereguleringsplanen har det vore eit mål å få til gode, heilskaplege løysingar for den overordna infrastrukturen som femner om vegar/gater, hamneanlegg, tilkomst til byggetomter samt betring av tilhøva for mjuke trafikantar. **Vidare set områdereguleringsplanen krav til utbygging i område der deler er utsett for flaum, skred/flodbølge og stormflo. Samtidig har ein søkt å ivareta omsynet til landskap og det visuelle.***

*For å trygge omsynet til naturbasert sårbarheit/stabilitet, er det krav om **detaljreguleringsplan** før tiltak kan gjennomførast innanfor alle utbyggingsområda i planen, dvs. område sett av til bygg og anlegg samt kaianlegga.*

*Gjennom arbeidet med planen har det vore jobba med eit vesentleg større utbyggingsomfang enn det planframlegget opnar for. Utbygginga er avgrensa med utgangspunkt i flaumvurderingar der det er teke omsyn til tiltak. Minder tiltak enn dei som er utgreia vil i fleire område truleg kunne gjennomførast. Dette er ikkje utgreia. **Evt. utbygging vil krevje detaljreguleringsplan og detaljerte tiltaksretta utgreiingar».***

Reguleringsføresegnene, pkt. 4 – krav om detaljregulering.

4.1. For areal sett av til bygg og anlegg innafor fareområde (PBL § 12-7 nr. 11)

- a) I område sett av til bygg og anlegg med underformål, der heile eller deler av området er lokalisert innanfor faresonene H310_3 – H310_6 og krav til tryggleik i TEK 17 ikkje er ivareteke, kan tiltak som nemnt i PBL § 20-1 1.ledd bokstav a, d, g, k og l samt frådeling til slike formål ikkje gjennomførast før området inngår i detaljreguleringsplan vedteken av planutvalet etter § 12-3».*

Den framgangsmåten som kommunen nyttar ved å gje rammeløyve utan at området er detaljregulert får som konsekvens at saka ikkje vert handsama av kompetent politisk organ, planutvalet og kommunestyret. Som det går fram av tidlegare skriv så har kommunen heller ikkje rettsleg grunnlag for å ta i bruk areal nytta til ballbane utan å stille ny bane til disposisjon.

Det som her er slått fast er at kommunen ikkje kan gje byggeløyve til nemnde parkeringsplass dersom den er ein del av eit fareområde innanfor ovanfornemnde faresoner der kravet til tryggleik i TEK 17 ikkje er ivareteke. Det er faktum i denne saka og av den grunn kan det ikkje gjevast byggeløyve til tiltak etter PBL § 20-1 1.ledd, bokstav l) parkeringsplass. I tillegg til dette så er det gjennomgåande i både planomtalen og reguleringsføresegnene at det berre er i unntakstilfelle at det ikkje treng utarbeidast detaljreguleringsplan.

Med bakgrunn i det som her er nemnt, så vert det fremja krav om ny vurdering av saka av statsforvaltaren då denne side meiner at vedtaket tuftar på feil tolking av reguleringsføresegnene og planomtalen.

Sogndal, 25.08.23.

Med helsing

Johannes Hauge

Advokat

Kopi til Harald Sjursen på e-post: hara-sj@online.no.

Kopi til Venke Sjursen på e-post: venke.sjursen@gmail.com.

Kopi til Aurland kommune på e-post: postmottak@aurland.kommune.no.

Kopi til kontrollutvalet i Aurland v/leiar Frode Bekkestad på e-post:
frode.bekkestad@redaenergy.com.



Aurland, 03.08.2023

Kontrollutvalet i Aurland v/Harald Mo

Vår ref.
23/102-4

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Beathe Ekhall Stentvedt, 91111406Arkiv
K1-033, K3-&17

Sak- og møtehandsaming for kontrollutvalet

Aurland kommune ser det som ein stor føremon at kontrollutvalet nyttar seg av sak/arkivsystemet til kommunen. Her er modular for både sakshandsaming og møtehandsaming.

Da vil alt av innkallingar, offentlege sakspapir og møteprotokollar ligge i innsynsmodulen saman med alle dei andre politiske utvala i kommunen i staden for å ligge som pdf-fil ein heilt anna plass på heimesida. Sjå link under.

[Møteplan 2023 - Aurland kommune \(onacos.no\)](https://onacos.no)

I tillegg vil det vere ein stor føremon for medlemma i kontrollutvalet da dei vil finne møtepapira i eiga politikarmodul. Dialog mellom kontrollutvalet og kommunen vil også bli enklare og vi sparer ein del manuelt arbeid for begge parter.

Vi har gode løysingar for å jobbe i kommune sine system i frå andre plassar så det tekniske skal vere i orden.

Kommunen skal bytte sak/arkivsystem i haust. Da skal vi bytte frå Acos Websak til Sikri Elements. Oppstart på nye systemet er sett til 20. november. I forkant av dette vert det god opplæring til alle.

Ein rask gjennomgang viser at per i dag bruker kontrollutvala i Sogndal, Luster, Lærdal og Årdal møtehandsaming i sak/arkivsystema medan Vik og Aurland gjer det ikkje.

Aurland kommune ynskjer at kontrollutvalet går over til å bruke Sikri Elements til sakshandsaming og møtehandsaming frå når vi bytter system den 20 november.

Om ynskjeleg kan eg komme på neste møte i kontrollutvalet og forklare og vise nærare.

Med helsing

Beathe Ekhall Stentvedt
Leiar støtte og digitalisering

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Anne-Mari Samskott

Steinar Søgaaard

Turid Stigen Sørensen

Kommunikasjonskoordinatør Kommunedirektør

kommunedirektør Kommunedirektør

HR /personlrådgjever Kommunedirektør

Likelydande brev er sendt til:

Kontrollutvalet i Aurland v/Harald Mo

Kontrollutvalet i Aurland v/ Frode Bekkestad

Ny lovproposisjon om endringer i kommuneloven m.m.

I Prop. 60 L (2022-2023) fremmes flere justeringer og presiseringer, blant annet om plikten til å varsle kontrollutvalg og revisor om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer.

28.03 2023

Proposisjonen inneholder blant annet forslag om justeringer i reglene for valg og avstemning. Regjeringen legger derfor opp til at forslagene skal tre i kraft før kommuner og fylkeskommuner skal konstituere seg etter valget til høsten.

Regjeringen foreslår at det åpnes for at forholdsvalg kan gjennomføres ved å vise stemmetegn, som et alternativ til skriftlig avstemning. I tillegg foreslår regjeringen en ny bestemmelse om settemedlemmer, som gir større frihet til å bestemme hvem som kan velges.

Regjeringen foreslår også at valg av leder og nestleder i folkevalgte organer skal skje åpent ved å vise stemmetegn. For å ivareta unge folkevalgte, åpnes det likevel for at hvert enkelt medlem av ungdomsråd kan kreve skriftlig avstemning ved valg av leder og nestleder.

Proposisjonen inneholder videre forslag til andre endringer og klargjøringer i loven. Blant annet foreslår regjeringen endringer i reglene om arbeidsutvalg. Endringene går ut på å gi folkevalgte organer som har opprettet arbeidsutvalg større frihet til å selv gjøre endringer i arbeidsutvalgene.

I tillegg foreslår regjeringen at de lovfestede medvirkningsrådene skal kunne opprette arbeidsutvalg.

Plikten til å varsle kontrollutvalg og revisor om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer blir klargjort.

Departementet foreslår å endre ordlyden i kommuneloven [§ 23-6](#) fjerde ledd, slik at det framgår tydelig at kommuner og fylkeskommuner som er deltaker eller eier i selskaper eller interkommunale samarbeid etter bestemmelsens første ledd, skal sørge for at kontrollutvalget blir varslet. Det følger av kommuneloven [§ 24-10](#) at det samme vil gjelde overfor kommunens revisor. Det sentrale vil da være om det er avklart i kommunen hvordan varsling skal skje og at kommunen følger opp at kontrollutvalget faktisk mottar varsel.

I tilfeller hvor flere eier-/deltakerkommuner i et selskap har samme kontrollutvalgssekretariat, vil for eksempel varslingsplikten være oppfylt ved at det er avklart mellom kommunene at én kommune har fått ansvaret for å sende informasjon om møter, eller ved at det er avklart at selskapet selv sender varsel.

Departementet foreslår også at det kan gis forskrift om avdrag på lån, beregning av minimumsavdraget og unntak fra kommuneloven [§ 14-18](#) første ledd.

Det foreslås videre at forkortelsene for *interkommunal politisk råd* (§ 18-1 tredje ledd) og *kommunalt oppgavefelleskap* (§ 19-1 tredje ledd) skal være hhv. IPR og KO.

[Forum for kontroll og tilsyns høringsuttalelse](#)

Kilde: Kommunal- og distriktsdepartementet

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-60-l-20222023/id2967093/>



Kommunal- og
distriktsdepartementet



Advokat Johannes Hauge MNA
POSTADRESSE: Postboks 76, 6851 Sogndal
REGISTRADRESSE: Parkvegen 5, Sogndal
TELEFON: 57 62 99 80 MOBIL: 95 80 53 80
TELEFAKS: 57 62 99 81
E-POST: joha.haug@online.no

Avdeling Skei i Jølster
POSTADRESSE: Postboks 35, 6841 Skei
TELEFON: 57 72 81 00
TELEFAKS: 57 72 81 01

DRIFTSKONTO: 3750 05 25065
KLIENSKONTO: 3750 07 20277
ORGANISASJONNUMMER: 871 364 052 MVA

Aurland kommune,
v/ordføreren,
Vangen 1,

5745 AURLAND

KRAV OM TILBAKELEVERING AV DISPOSISJONRETTE TIL EIGEDOMEN GNR 49 BNR 51 I AURLAND KOMMUNE

Det vart inngått avtale ved underskriven skøyte 21.11.1952, mellom dåverande eigar av gnr. 49, bnr. 51 Anders O.Brekke og Aurland kommune. Kjøpesummen var kr. 10.000,- som vart gjeve som gåve frå kommunen.

Av skøyta går det fram at egedomen skal nyttast til møte, idrettsplass og utstillingsplass m.m. Flåm idrettslag nytta egedomen til fotballbane.

Aurland kommune fekk behov for lagerplass i samband med at kommunen skulle ta i mot fyllmasse frå utsprenging av Flenjatunellen. For å kunne frigje plassen til dette føremål så fekk idrettslaget disponere Industrifelt C. Det arealet har kommunen no teke i bruk til ein offentleg parkeringsplass utan å be om frigjering av arealet til føremålet. Det er sterkt beklageleg at kommunen går fram på denne måten utan først å rydde opp etter seg og opparbeide egedomen gnr. 49, bnr. 51 til formål som m.a. fotballbane.

Kommunen må snarast syte for å sette i stand att arealet på gnr. 49, bnr. 51. Egedomsretten til nemnde egedom må overførast til ein ideell organisasjon. Kven dette skal verte vil bli avklara med det første. Eventuelle merknader til overføring av egedomsretten vert å sende til Harald Sjursen eller underteikna, innan 10.09.23.

Sogndal, 25.08.23.
Med helsing

Johannes Hauge
Advokat
Kopi til Harald Sjursen, e-post: hara-sj@online.no.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 12/2023 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2024

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 12.09.2023	Saknr 12/2023
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Sekretariatet gir følgende framlegg om budsjett 2024 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2024
Kontrollutvalet	151 800
Sekretariatet	210 000
Finansiell revisjon	230 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	340 000
Kjøp av eigarskapskontroll	0
Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	100 000
TOTALT	1 031 800

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

BAKGRUNN

Aktuelle lover og forskrifter:

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval
Forskrift om revisjon
Anbudsdokument KPMG
Avtale om sekretariat med PricewaterhouseCoopers AS

Vedlagte tabell viser (for samanlikningsføremål) framlegg til budsjett frå kontrollutvalet for 2023, samt det endelege vedtaket i kommunestyret for 2023.

Område	Budsjett 2023	
	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	97 100	97 100
Sekretariatet	195 000	195 000
Finansiell revisjon	210 000	210 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	315 000	0
Totalt kontroll og tilsyn	817 100	502 100

SAKSUTGREIING

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Dette budsjettforslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Budsjettet er delt i 6 delar:

1. Kontrollutvalet
2. Sekretariatet
3. Finansiell revisjon
4. Kjøp av forvaltningsrevisjon
5. Kjøp av eigarskapskontroll
6. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

1. Kontrollutval

I forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 står det at kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet skal dekke godtgjersle for leiar og medlemmar av kontrollutvalet, tapt arbeidsforteneste for medlemmane, deltaking på relevante kurs/seminar og eventuelle andre administrative kostnader.

Budsjettposten for drift av kontrollutvalet 2024 er på totalt kr 151 800.

Budsjettpost	Totalt
Fast godtgjersle KU-leiar kr 22 000 i 2023 (avrunda, lønsvekst 5%)	23 100
Møtegodtgjersle kontrollutvals-medlemmar (avrunda, lønsvekst 5%), kr 17 000 per medlem i 2023(4), 890 per vara (3 møter, lønsvekst 5%)	74 200
Tapt arbeidsforteneste	5 000
Deltaking på kurs og konferansar, auka med kr. 10 000 for nytt kontrollutval	30 000
Arbeidsgjevaravgift	10 800
Møtemat	5 000
Kilometergodtgjersle	1 200
Kontingentar	2 500
SUM	151 800

2. Sekretariat

Gjeldande avtale om sekretariatsfunksjonen går ut 1. oktober 2023. Kommunane i Sogn Regionråd har gjennomført ein anbudsprosess som grunnlag for ny avtale. Anbudsprosessen er gjennomført av Kinn Kommune sitt innkjøpsamarbeid. Resultatet av anbudsprosessen er at Sogn Regionråd har til hensikt å inngå rammeavtale med PricewaterhouseCoopers AS for

levering av sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala. I budsjettet er det føresett at rammeavtalen vert formelt akseptert av kommunestyret.

I tilbodet er det lagt til grunn ein årleg fastpris på kr. 210 000. Budsjettposten for sekretariatet vert då sett til kr 210 000.

3. Finansiell revisjon

Aurland kommune gjennomførte anbud på revisjon i 2020 og KPMG held fram som revisor. Honoraret er basert på fastpris for rekneskapsrevisjon og timepris på andre oppdrag. Anslag på samla honorar for 2024 er kr 230 000 + mva.

4. Kjøp av forvaltningsrevisjon

Kommunestyret handsama 18. juni 2020 plan for forvaltningsrevisjon fram til 2023, basert på framlegg frå kontrollutvalet. Denne planen er gjeldande fram til ny plan er utarbeidd, seinast innan utgangen av 2024. Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 340.000 + mva til kjøp av forvaltningsrevisjon i 2024.

5. Kjøp av eigarskapskontroll

Kommunestyret vedtok 18. juni 2020 ny plan for gjennomføring av eigarskapskontroll fram til 2023, basert på framlegg frå kontrollutvalet. Denne planen er gjeldande fram til nye planar er utarbeidd, seinast innan utgangen av 2024. Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 0 til gjennomføring av ein selskapskontroll i 2024. Bakgrunnen for dette er at det er gjennomført eigarskapskontroll av Aurland Eige AS i 2021 og av SIMAS IKS i 2020. Det er ikkje identifisert område med umiddelbare behov for eigarskapskontroll ut over det som er gjennomført i denne valperioden.

6. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

For neste valperiode må det utarbeidast ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Denne planen må utarbeidast i løpet av 2024, jamfør §§ 23-3 og 23-4 i kommunelova.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

§ 23-4. Eierskapskontroll

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og

*fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.
Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 100 000 + mva i 2024 til bistand til å utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll som er basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering.

Under føresetnad av at planane kan ferdigstillast i løpet av første halvår, vil ein kunne gjennomføre prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt i andre halvår.

Samla budsjett forslag

Det samla budsjettforslaget for kontrollutvalet 2024 vert på bakgrunn av saksutgreiinga kr 1 031 800.